



Uskedal utvikling er Årets bygdealag og vil stå fram på tilflyttarsamlinga med presentasjon. Gunn Mari Moberg er leiar.

Det er no klart at Uskedalen vil vera i ein viktig del av programmet på tilflyttarsamlinga på Husnes onsdag 7. november. Både Uskedal utvikling og koret Røysterett for Alle vil stå fram med presentasjon og song. Den årlege tilflyttarsamlinga er eit samarbeidstiltak mellom Kvinnherad Næringservice og Kvinnherad kommune. Alle dei 340 tilflyttarane det siste året er inviterte skriftleg. Uskedal utvikling er årets bygdealag og vil særleg få merksemd.

Røysterett for Alle kan sjå tilbake på 30 års drift utan stopp. Koret har vore aktivt i mange og ulike samanhengar. Det er nok å nemna ei rekkje konsertar, større prosjekt og utanlandsturar. No sist var Røysterett for Alle til Krakow i Polen og hadde fleire konsertar i kyrkjer og i Saltgruvene.

På tilflyttarsamlinga er det høve for laga og organisasjonar å vera med. Med dette har laga ein viktig arena for profilering og rekruttering av nye medlemmer.

Gunn Mari Moberg, leiar i Uskedal utvikling, vil mellom anna informera om arbeidet med bygdeutvikling i Uskedalen, om møteplassen i Gamleskulen med Kafe Tiaren og om nettsida Uskedalen.no.

Det vert innlegg av både ordførar og konstituert rådmann. Utdeling av tilflyttarprisen er ein viktig del av programmet. Det vert også utdeling av gåver frå Tysnes Sparebank, SpareBank 1 SR-bank og frå Sparebanken Vest.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Røysterett for Alle / Kristian Bringedal



Røysterett for Alle 30 år og vil ha innslag på Tilflyttersamling 2018.